



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Cathrine Tvedt Lorentzen, 5557 2113

Vår dato
10.11.2015
Dykkar dato
05.10.2015

Vår referanse
2015/12941 423.1
Dykkar referanse
14/4545

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Lindås - gnr 134 bnr 471 - Hilland - gebyr

Vi viser til ekspedisjon frå Lindås kommune, mottatt her 05.10.2015.

Vedtak:

Fylkesmannen avviser klagen av 05.06.2015 på Lindås kommune sitt vedtak av 13.05.2015, sak 14/4545.

Saka si bakgrunn

Lindås kommune gav i vedtak av 13.05.2015 gebyr på kr. 76.100,- for innvilga søknad om løyve til utføring av ei rekke tiltak.

Gebyret vart påklaga av Bygg Prosjekt AS v/ Roy G. Njåstad, ved brev av 05.06.2015. I klagen vert det vist til at kommune har gitt gebyr for dispensasjon 9 gonger. Det vert vidare vist til at dei har søkt dispensasjon frå ei føresegn i plan- og bygningslova (§ 12-4) for avvik mellom gjeldande plankart og utføring i feltet. Klagar gjer mellom anna gjeldande at det at ansvarleg søkjar har lista dette opp i enkelte punkt ikkje fører med seg at det er søkt om fleire dispensasjonar.

Lindås kommune handsama klagen 05.10.2015. Klagen vart ikkje teken til følgje. Saka vart deretter sendt til Fylkesmannen for endeleg handsaming.

Når det gjeld saka i sin heilskap, viser vi til dokumenta i saka, som vi føreset at partane er kjende med. Fylkesmannen finn saka tilstrekkeleg opplyst, jfr. forvaltningslova (fvl) § 33 femte ledd.

Fylkesmannen si vurdering

Forvaltningslova gjeld for fylkesmannen si handsaming av saka. Fylkesmannen har kompetanse til å prøve alle sider av saka og ta omsyn til nye omstende. Klageinstansen kan sjølv treffa nytt vedtak i saka eller oppheva det kommunale vedtaket og sende saka attende for heilt eller delvis ny handsaming, jfr. fvl § 34 andre ledd. Dersom vilkåra for å handsama klagen ikkje er til stades, skal klageinstansen avvise saka, jf fvl § 34 første ledd.

Spørsmålet er om kommunen sitt gebyrvedtak er eit «enkeltvedtak» som kan påklagast etter fvl § 28 første ledd. Enkeltvedtak er nærare definert i fvl § 2 bokstav a og b. Der heiter det at

enkeltvedtak er avgjerder som er gjort under utøving av offentlig mynde, og som er bestemmende for rettar og plikter til ein eller fleire personar.

Spørsmålet om klagerett på gebyrvedtak er vurdert mellom anna av justisdepartementet si lovavdeling¹, som har uttalt at det er «*alminnelig antatt at vedtak om «prosessuelle» rettigheter og plikter faller utenfor enkeltvedtaksbegrepet, jf f eks Eckhoff: Forvaltningsrett, 3 utgave side 478. Umiddelbart kunne det synes nærliggende å betrakte vedtak om gebyr som prosessuelle vedtak, etter som de ikke angår realiteten i saken.*»

Spørsmålet er og vurdert i rundskriv H-13/04, kor Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) uttaler at:

«Beregning av fristen, med eventuelle tilleggsfrister for supplering av søknad, vil som regel også følge av et standardisert system. Det er utformingen av dette systemet som vil være bestemmende for enkeltpersoners rettigheter og plikter, jf. definisjonen av enkeltvedtak i forvaltningsloven § 2. Beslutning i kommunen om grunnlaget for gebyrbetaling i det enkelte tilfellet vil være utledet av dette systemet. Dette antar departementet vil være en prosessledende beslutning som ikke gir klagerett.»

Fylkesmannen er difor samd med kommunen i at utgangspunktet er at eit gebyrvedtak ikkje kan påklagast.

Lovavdelinga opnar likevel for at eit gebyrvedtak i nokre tilfelle kan påklagast:

«For øvrige er det slik at det ikke er klart hva som ligger i begrepet «prosessuelle plikter og rettigheter» i denne sammenheng. Det må derfor kunne betraktes som et utpreget tvilsspørsmål om vedtak om gebyr skal betraktes som vedtak om «prosessuelle» plikter, og av den grunn ikke som enkeltvedtak. Tatt i betraktning at denne kategorien bare forutsetningsvis kommer til uttrykk i loven, bør man vel være noe forsiktig med å anvende denne merkelappen dersom f eks rettsikkerhetshensyn tilsier at reglene om enkeltvedtak blir fulgt. (...) I de tilfeller hvor det dreier som om relativt høye gebyrer, slik det til dels er tilfellet i byggesaker, eller hvor utmålingsreglene er skjønnspregede, f eks i form av dispensasjonsordninger bygget på rimelighetskjønn, finner vi det ikke unaturlig at vedtakene kan være gjenstand for klage.»

Dei viser vidare til at «*Hvis gebyrordningen bygger på at det må foretas en nærmere vurdering av rettslig eller faktisk art for å fastsette gebyrets størrelse, vil vi derimot anta at man står overfor et enkeltvedtak. Det samme gjelder dersom gebyrforskriften gir forvaltningen hjemmel til av eget tiltak å nedsette eller frita fra gebyret ut fra rene rimelighetsbetraktninger. I et slikt tilfelle er det naturlig å si at gebyret er fastsatt ved en individuell "avgjørelse", og at det først er denne som utløser eller konkretiserer gebyrplikten.*»

Lovavdelinga går dermed langt i å konkludera med at når gebyrforskrifta til kommunen opnar for at kommunen av eget tiltak kan nedsette gebyret dersom det blir for høgt, er alle gebyrvedtak i medhald av gebyrforskrifta enkeltvedtak. Fylkesmannen viser i den samanheng til at Lindås kommune sitt gebyrregulativ for 2015 ikkje opnar for at

¹ Uttalelse 1988 s. 3849 – Uttalelsen relaterer seg til plan- og bygningsloven av 1985, men får likevel betydning da gebyrreglene er videreført i gjeldende lov, jfr. Ot.prp. nr. 45 (2007-2008) s. 358

kommunen kan sette ned gebyret av eige tiltak. Gebyr etter gebyrregulativet er dermed ikkje automatisk eit enkeltvedtak.

Fylkesmannen viser vidare til Lindås kommune sitt gebyrregulativ for 2015, punkt 9, der det går fram at: *«Gebyr for dispensasjon kjem i tillegg til byggesaksgebyr. Dispensasjon frå fleire føresegner gitt i eller i medhald av Pbl.per dispensasjon.»*

Det går fram av gebyrregulativet at det skal bereknast gebyr for kvar dispensasjon som gis. Vidare går det fram av punkt 9 at gebyret per dispensasjon er kr. 8.400,-. Kommunen kan dermed telje kor mange dispensasjonar som er handsama og gonge med 8.400,-. Fylkesmannen kan ikkje sjå at det ligg noen individuell vurdering til grunn for utrekninga.

Fylkesmannen finn etter dette at gebyrvedtaket ikkje er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jfr. fvl § 28.

Fylkesmannen finn etter dette grunn for å avvise klagen av 05.06.2015 på Lindås kommune sitt vedtak av 13.05.2015, sak 14/4545. Det inneber at klaga ikkje vert handsama her.

Nedsetting av gebyret

Fylkesmannen viser til at Lindås kommune sitt gebyrregulativ punkt 4.12, kor det går fram at *«Når særlege grunnar ligg føre kan det søkjast om redusert gebyr. Søknad om redusert gebyr skal være grunngjeven. Personlege og/eller sosiale tilhøve vert ikkje rekna som særleg grunn.»*

Fastsetting av gebyret skal skje ved enkeltvedtak.»

I ekspedisjonen til Fylkesmannen har Lindås kommune vurdert om det ligg føre *«særlege grunnar»* til å redusere gebyret, sjølv om det ikkje er søkt om reduksjon. Dersom kommunen har tolka klagen som ein slik søknad, og har meint å avslå søknad om reduksjon, er dette eit enkeltvedtak. Det vil då vera høve til å klage på avslaget om nedsetting. Fylkesmannen viser til at kommunen i slike tilfelle må opplyse om klagerett.

Dersom kommunen ikkje har meint å handsama ein søknad om reduksjon, gjer vi klagar merksam på at søknad om nedsetting av gebyr kan sendast til kommunen i samsvar med gebyrregulativet til Lindås kommune.

Fylkesmannen sitt vedtak på side ein er eit enkeltvedtak som kan klagast på til Kommunal- og moderniseringsdepartementet, jf. fvl. § 28. Fristen for å klage er 3 veker frå det tidspunkt underretning om vedtak er komme fram til parten, jf. § 29. Ein eventuell klage skal rettast til Fylkesmannen i Hordaland.

Med helsing

Laila Pedersen Kaland e.f.
seniorrådgjevar

Cathrine Tvedt Lorentzen
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Bygg Prosjekt AS Møllendalsbakken 2A 5009 BERGEN